

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Dr. Holms Hotell, Geilo
Dato: 23.05.2018
Tidspunkt: 08:30 – 10:30

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Olav Turvoll	Leiar	VIK
Liv Anne Aanesen	Medlem	MODA
Frode Merkesvik	Medlem	HØY

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigbjørn Hauge	Nestleiar	VOSS
Inger Ulvund	MEDL	HOFK
Karen Marie Hjelmeseter	MEDL	SFFK

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Henrik Oppen	Karen Marie Hjelmeseter	SFFK
Bjørn Djuvstein	Sigbjørn Hauge	VOSS

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Anbjørg Nornes	Sekretær / forvaltar

Andre:

Gøran Johansen Konsulent besøksstrategi

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Elektronisk godkjent av:

Olav Turvoll Liv-Anne Aanesen

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 8/18	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 9/18	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 10/18	Referatsaker		
RS 5/18	Søknad forskningsrådet 2018 Stølsheimen, UiB		2014/2116
RS 6/18	Delfinansiering - Prosjekt kartfesting av områdebruk og trekkruter i Fjellheimen villreinområde		2018/819
RS 7/18	18/3086 Skjøtsel og konsesjonsvilkår på gbnr 67/1 i Finnabotnen 2018		2017/3865
RS 8/18	18/3085 Skjøtsel og konsesjonsvilkår på gbnr 67/2 i Finnabotnen 2018		2017/3865
RS 9/18	Stølsheimen landskapsvernområde - kulturminneplan for Vik kommune 2018-2029 - høyring og offentleg ettersyn		2018/1705
RS 10/18	Anbodskonkurransen om besøksstrategi - forvaltningsknutepunkt Aurland		2018/1081
RS 11/18	Besøksstrategi - seminar på Geilo 22. og 23. mai		2017/559
RS 12/18	Rapport, transport av materiell til Selhamar		2017/2160
ST 11/18	Delegerte saker		
DS 2/18	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til takoverbygg på Torvedalshytta		2018/742
DS 3/18	Stølsheimen landskapsvernområde – løyve til transport av ved med snøskuter i Sendedalen		2016/1218
DS 4/18	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av materiale med snøskuter til Mørkves-Grøndalen		2018/1258
DS 5/18	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til motorisert ferdsel i samband med vedlikehald av Statnett sin 300kV leidning		2013/1905
DS 6/18	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av materiale til Selhamar		2017/2160
DS 7/18	Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til snøskutertransport til Selhamar turisthytte		2017/2160
ST 12/18	Stølsheimen landskapsvernområde - tiltak for kryssing av Torvedalselva		2018/1376

Orientering

Status for gjennomføring av tiltak 2018 vart ikkje lagt fram i møte.

ST 8/18 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.05.2018

Vedtak

Innkalling vart godkjent. Styresak 12/18 var fyrste sak i møte, før orientering om referatsaker og delegerte saker.

ST 9/18 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.05.2018

Vedtak

Liv-Anne Aanesen vart valt til å skriva under protokollen saman med styreleiar. Protokollen vert elektronisk godkjent.

ST 10/18 Referatsaker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.05.2018

Referatsakene(RS) vart lagt fram til orientering.

RS 9/18: Forvaltar skriv uttale til kulturminneplan for Vik kommune.

RS 11/18: Innspel frå seminar om besøksstrategi på Geilo og diskusjon i styremøte vert tatt med i det vidare arbeidet med besøksstrategien.

RS 12/18: Rapporten vart lagt fram for Stølsheimen verneområdestyre i møte 23. mai. I rapporten opplyser Bergen og Hordaland Turlag at dei er gjennomført 33 landingar på Selhamar. Dei hadde løyve på inntil 30 landingar. Det kan vera vanskeleg å talfesta nøyaktig kor mange landingar det er bruk for når det er stort transportbehov, slik som i dette tilfellet. Styret har difor forståing for at det har blitt fleire landingar, og overskridinga er forholdsvis liten i forhold til total transporten. Styret vil likevel understreka at det er viktig at vilkåra i eit løyve vert fylt. Dersom det er trong for å utvida eit transportløyve, må turlaget ta kontakt med forvaltninga før transporten vert gjennomført.

Vedtak

Referatsakene vart tatt til orientering.

RS 5/18 Søknad forskningsrådet 2018 Stølsheimen, UiB

RS 6/18 Delfinansiering - Prosjekt kartfesting av områdebruk og trekkruter i Fjellheimen villreinområde

RS 7/18 18/3086 Skjøtsel og konsesjonsvilkår på gbnr 67/1 i Finnabotnen 2018

RS 8/18 18/3085 Skjøtsel og konsesjonsvilkår på gbnr 67/2 i Finnabotnen 2018

RS 9/18 Stølsheimen landskapsvernområde - kulturminneplan for Vik kommune 2018-2029 - høring og offentlig ettersyn

RS 10/18 Anbudskonkurranse om besøksstrategi - forvaltningsknutepunkt Aurland

RS 11/18 Besøksstrategi - seminar på Geilo 22. og 23. mai

RS 12/18 Rapport, transport av materiell til Selhamar

ST 11/18 Delegerte saker

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.05.2018

Delegerte saker vart lagt fram til orientering.

Vedtak

DS 2/18 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til takoverbygg på Torvedalshytta

DS 3/18 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av ved med snøskuter i Sendedalen

DS 4/18 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til transport av materiale med snøskuter til Mørkves-Grøndalen

DS 5/18 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til motorisert ferdsel i samband med vedlikehald av Statnett sin 300kV leidning

DS 6/18 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til helikoptertransport av materiale til Selhamar

DS 7/18 Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til snøskutertransport til Selhamar turisthytte

ST 12/18 Stølsheimen landskapsvernområde - tiltak for kryssing av Torvedalselva

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 23.05.2018

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre gjev Voss Utferdslag løyve å legge steinar i Torvedalselvi for kryssing av elva. Løyve er gjev med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 5. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Steinane skal leggjast ut som hoppesteinar i elva der det er vanleg å vade elva. Tal steinar skal avgrensast til det som er naudsynt for å krysse elva. Steinane må ikkje leggjast så tett at vatnet vert demt opp i elva. Avstanden mellom steinane skal vera minimum 50 cm.
- Turlaget har ansvar for vedlikehald av tiltaket.
- Den gamle brua skal fjernast når hoppesteinane er lagt på plass. Brua, feste til brua og sikringstiltak som er utført i samband med brua, skal fjernast og fraktast ut av området.
- Det skal sendast rapport til sekretariatet når arbeidet er slutført. Rapporten skal ha med bilde av elva med steinane på vadeplassen, og område der brua stod.

Løyve til transport av stein til Torvedalselvi

Stølsheimen verneområdestyre gjev Voss Utferdslag løyve til nytte helikopter til transport av stein til å legge ut som hoppesteinar i Torvedalselvi. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernområde punkt VI nr. 6. Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld for inntil 12 landingar på 1 dag i perioden frå og med veke 33 til og med veke 39 2018.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv. Transporten skal ikkje skje på søndagar av omsyn til friluftslivet.
- Transporten skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Statens naturoppsyn v/Kristoffer Ullern Hansen (mob. 97097720) skal ha melding seinast dagen før transporten skal gjennomførast. Han vil gje melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiane.
- Dette løyvet skal vera med i helikopteret under transporten.
- Det skal sendast skriftleg rapport om gjennomført transport til sekretariatet innan 01.11.2018.

Me gjer merksam på at dette løyvet berre er behandla etter verneforskrifta. Søkjar må ta kontakt med Voss kommune for søknad om løyvet etter lov om motorferdsel i utmark.

Tiltaksmidlar til tiltaket

Stølsheimen verneområdestyre løyver inntil kr. 20 000 i tiltaksmidlar til delfinansiering av tiltaket. Voss Utferdslag sender faktura til Stølsheimen verneområdestyre når arbeidet startar opp, og seinast 01.10.2018.